

## Framleis støtte til mjølkekvote-kjøp

27.02.2015

**Rådmannen går inn for at det for 2015 vert gjeve tilsegn om tilskot på 1 krone pr. liter for kjøp av mjølkekvoter i det same område som i perioden frå 2007 til 2014. I vårt nærområde betyr det Skorpo og Snilstveitøy, Åkre/Baugstranda/Matre, Varaldsøy og Gjetingsdalen. Ifjor var det ein som søkte om støtte til kvotekjøp på 50 000 kroner. Støtten vert gjeve frå næringsfondet som for dette året er stipulert til 270 000 i avkastning. Det vert sett av inntil 200 000 til skogsvegar. Rådmannen strekar under at denne satsinga gjev stor næringsaktivitet.**

Det står att 505 751 frå ifjor og det er overført til i år. 775 751 står med andre ord til disposisjon.

For 2015 er det førebels ikkje gjeve nokon kvoteoversikt frå Statens Landbruksforvaltning men rådmannen reknar med den samme ordninga som i fjor og innstiller difor på same tilskotssats. Tilskotet vart fjerna i revidert budsjett for 2015 på grunn av stram kommuneøkonomi.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen